


# HØSTLEIRSKOLE



## Hålandsdalen leirskole



BERGEN KOMMUNE  
BYRÅDSAVDELING FOR  
BARNEHAGE OG SKOLE

Navn: \_\_\_\_\_



## Innholdsliste

Kart over Hålandsdalen.....	3	Allemannsretten .....	48
Velkommen til leirskole!.....	4	Kompasset.....	51
Bygdaregle frå Hålandsdalen .....	5	Holdhusstølen.....	53
Gamlekyrkja i Hålandsdalen.....	6	Motstandskamp under 2. verdenskrig.....	54
<b>BYGDEDAG .....</b>	<b>8</b>	Flyslipp over Ottanosa .....	55
Slik budde dei.....	9	Bergsenden og Stegen.....	57
Arbeid gjennom året .....	11	<b>VANNVEIENE I HÅLANDSDALEN .....</b>	<b>60</b>
Gamlestova og de som bodde der.....	15	Trebåten.....	61
Eldhuset.....	16	Skogseidvatnet.....	63
Jarnet og smia.....	18	Kikedalen.....	65
Gardsdrift på Vestlandet .....	20	Vengsvatn.....	69
Fjordhesten.....	21	Ferskvann og innsjøer .....	70
Sauen – eit viktig husdyr.....	22	Fossen gav kraft .....	81
Skinn og lærarbeid.....	25	Kanohistorikk .....	83
Trearbeid og spikking .....	28	<b>HÅLANDSDALEN</b>	
Gamleskulen – Holdhus skulemuseum .....	29	<b>METEOROLOGISKE INSTITUTT .....</b>	<b>85</b>
<b>TIL FOTS I SKOG OG FJELL.....</b>	<b>32</b>	Det blir alltid vær!.....	86
Bergartar.....	33	Værmerker i Hålandsdalen .....	87
Berggrunnen i Hordaland .....	34	Skyene varslar.....	88
Skogen i Skandinavia .....	35	Stjernehimmlen .....	89
Skogen i Noreg.....	36	Vindretningen gir varsel.....	90
Treslag i Hålandsdalen.....	38	Vindstyrkeskala .....	91
Lav og luftforurensing.....	40	Risiko for forfrysning av bar hud .....	92
Sopp – Frå gnistfangar til god mat.....	42	Kle deg etter været .....	93
Fuglar rundt leirskulen .....	45	Her kan du skrive.....	94
Spor og sportegn.....	46	Observasjoner og værvarsel.....	95



# Arbeid gjennom året

## Kvinnene

Rundt 1850 budde 9 av 10 nordmenn på bygdene og arbeidde i hovudsak med jordbruk, skogbruk, fiske og handverk. Av desse var jordbruket størst og viktigast sett frå kvinnene si side. Det var klar skilnad på kva arbeid menn og kvinner gjorde. Kvinnene var i hovudsak heime på, eller i nærleiken av tunet. Dei hadde ansvaret for alt matstell og alt som hadde med kle å gjera. Ansvar for stell av ungar, sjuke og gamle var også kvinnene sitt ansvar. Dei gjorde alt arbeid med dyra i fjøset (mjølking, føring, brynning, reinhald) morgon og kveld. Bering av vatn til fjøs og hus var tungt, særleg om vinteren når dyra stod inne. Elles var kvinnene med på jordarbeid og onnearbeid ute. Det var rydding av åkrar, potetopptak, hesjing og raking av hø, lauving til dyrefôr og skjering av korn. Det var kvinnene som klippte sauene og arbeidde ulla til tråd. I slaktetida laga dei pølser og kjøttmat. Dei støypte lys og hadde mesteparten av førebuingane til jul.

I det gamle samfunnet var det fleire kvinner i eit hushald (heim). Utanom den gifte husmora kunne det vera tenestejente, bestemor, døtrer i alle aldrar og kanskje ei ugift tante. Arbeid og sosialt liv hang nøye saman, og kvinnene/jentene hadde det nok ofte triveleg saman midt i alt strevet.


Midt oppi dette var husmora ein administrator for dei andre kvinnene. Ho hadde ei sær viktig rolle på den gamle garden. Ho styrde med livsviktige ressursar som mat og kle. Ho var uunnverleg og sterk, men vart ofte tidleg gamal av hardt arbeid og mange barnefødsjar. Viss ein mann mista kona si, var det viktig for han, reint praktisk, å finna ei ny. Det kunne gjerne vera syster til den førre, eller ei anna som kjende til forholda på garden og i heimen. Kvar gift kvinne fekk i gjennomsnitt 5 born. Heimen var sentrum for alle dei viktigaste aktivitetane i samfunnet. Den måtte stellast vel; her budde, åt og arbeidde familien og andre som var knytt til hushaldet. Målet var størst mogeleg sjølvberging både med mat, kle, reiskap og anna dei trong. Pengar måtte dei prøva å skaffa seg til betaling av skatt, og kjøpeting som; jarn, salt, korn, sukker, sild og kanskje enkelte luksusvarer (som pent silke- og bomullstøy, krusetøy, glasperler, hattar...)



# Bergsenden og Stegen

## - hestevei, postvei og allfarvei

Rossadal er det gamle navnet på Hålandsdalen. Ross er det gammelnorske ordet for hest, altså het Hålandsdalen før hestedalen. Hålandsdalen var fra gammelt en del av hovedveien mot Østlandet, og da posten etterhvert skulle frem var det naturlig at denne fulgte hesteveien gjennom dalen til Strandebarm i Hardanger.



### Drifteveier med hest mot Østlandet

Hesten var i tidligere tider ikke bare ridedyr, men mest av alt trekkdyr og kløvdyr. Med hesten kunne varer transporteres over lange avstander. Men dette krevde mengder av hester. På Vestlandet kunne hestene gå ute nær sagt hele året og fø seg selv slik at de kunne selges billig. På denne måten forsynte Vestlandet Østlandet med hester fra de tidligste tider. Hestene ble oftest solgt på markedet i Røldal. Mange steder var ferdseien med hester så stor, at drifteveiene med hest gav navn til daler og steder som man reiste gjennom, forbi eller hvor man overnattet.



I Hålandsdalen er det flere slike navn utenom *Rossadalir*. På Orra i Øvredalen stoppet de for natten og lot hestene beite. Orra kan bety at de her *selte* av hestene eller *ora av* (orepinnen på seletøyet måtte løftes ut). På Bolstad fant folket overnatting og navnet betyr et sted å bo/sove. Videre gikk veien over Bergsenden til Bru i Hardanger. Her er det bratt og alle måtte gå med hestene opp den bratte lia *Oreiane*. Sannsynligvis betyr navnet at de lot hesten bære mindre med varer opp den bratte lien slik at de heller gikk den to ganger. Uansett var veien over Bergsenden bare en liten del av ferden mot Østlandet.

## Vengsvatn

Vengsvatnet ligger 76 moh. og er leirskolens nærmeste og mest brukte vann. Vannet har tre «basseng», og utløpet i sørvest renner videre til Skjelbreidvatnet som igjen renner ut gjennom Koldalselva og ned i Eiklandsfjorden.

